

Voss Musikkråd  
Pb. 417  
5702 Voss

## **ÅRSMELDING for 2011**

### **Voss Musikkråd**

Årsmøtet for driftsåret 2010 vart for første gong halde i det nye kulturhuset vårt der vi fekk halda til i det nye personalrommet. Ein fin og høveleg plass for møteverksemd. Frammøtet var som vanleg nokså labert, men 8 medlemslag var representerte i tillegg til styret.

Leiaren opna møtet med å ynskja alle hjarteleg velkomne. Innkallinga og saklista vart så godkjent utan nokon merknader. Ingen saker til handsaming var komne inn. Leiaren vart vald til møtestyrrar og til referent vart Øystein Dahl vald.

Deretter vart årsmeldinga handsama og leiaren gjekk igjennom den. Dei frammøtte fekk så høve til å kommentera eller stilla spørsmål til meldinga og dei sakene styret hadde handsama i dette driftsåret. Ei feil på namnet til ein person i valnemnda vart retta opp. Det vart diskutert ein del om framtida til «gamlekinoen» og årsmøtet bad styret om å fylja opp denne saka.

Rekneskapen vart neste sak og den vart godkjent utan nokon merknader.

Valnemnda la så fram sitt forslag til det nye styret som vart samrøystes godkjent. Det har vore samansett slik dette året:

Leiar: Brynjulv Norheim  
Nestleiar: Snialvur Joanesarson  
Kasserar: Kjartan Ringheim  
Skrivar: Øystein Dahl  
Styremedl. Aslak Himle

Varamedlemmer: 1. Knut Brunvoll  
2. Terje Støve  
3. Brynjulv Prestegard

Revisorar: Jostein Bøyum  
Kirsten Takvam

Ny valnemnd: Åslaug Styve Mjånes (leiar)  
Grete Søvnik  
Ellen Marie Selland Geitung

Kontaktperson for Friluftscenen:  
Kjartan Ringheim

## Styret

Styret har i dette arbeidsåret hatt 6 ordinære styremøte og handsama 34 saker. Styret har i tillegg hatt tilsynet med Friluftscenen og gjort forefallande arbeid til ulike tider. Møtelokalet vårt har vore nokså flytande dei siste åra og vi såg fram til dagen vi kunne flytta inn i det nye Kulturhuset slik vi var lova med lagerplass. Det vart berre eitt møte der, sjølve årsmøtet, og lokalet var av ypperste slag med eit nytt og høveleg rom for vårt bruk. Men etter kvart viste det seg at det vart vanskeleg å halda fram med møta våre på grunn av kostnaden. Det vi hadde ottast lenge var prisen på leiga i det nye signalbygget på Voss og då vi måtte opp i ein tusenlapp for kvart møte, sa det seg sjølv at fleire møte var det ikkje snakk om. Vi måtte sjå oss om etter andre lokale. Etter ein samtale med Vossajazz-tausene, fekk me ein svært imøtekomande respons og tilbod om å få nytta møtelokalet deira i Hålandshuset. Dette var svært kjærkome for oss og no har vi ein fast og gunstig avtale med Vossajazz.

Leiaren er fast medlem av Kontaktutvalet for Distriktsmusikarane og leiar for Samarbeidsutvalet for Voss Kulturskule. Kjartan Ringheim har hatt hovudansvaret for utleige av Friluftscenen. Øystein Dahl er vald inn i styret i Hordaland Musikkråd og har vore vår utsending til møte og seminar der. Snialvur Joanesarson og Aslak Himle er våre bygningstekniske konsulentar og er spesielt viktige når det gjeld Friluftscenen.

## Saker og aktivitetar i 2011

Det første vi måtte arbeida med i dette året var å finna oss eit nytt møtelokale som nemnd ovanfor. Tidlegare har me halde til i Denjabygget ved Meieriet. Det som vi enno ikkje har funne ei løysing på er lagersakene våre. Vi har nokre kartongar ståande i kjellaren der borte pluss ein del kornotar i eit par skåp. Vi har tankar om å byggje inn eit lagerskåp inne i loftet på Friluftscenen og vil arbeide med å få det realisert i løpet av neste arbeidsår.

Opninga av det nye Kulturhuset var ei drusteleg markering og noko vi hadde sett fram til lenge. Leiaren var innbeden som representant for VMR og hadde tidlegare vore med på nokre møte i tilknytning til planarbeidet. Huset såg ut til å vera tenleg for dei som var tiltenkt plass der og Voss har fått eit fint signalbygg. For dei frivillige medlemslaga våre har vi ikkje ein direkte nytte av huset då ingen har råd til å halda til der. Men indirekte, så vil det vera tenleg for oss og ikkje minst for ulike arrangement framover.

Den vanlege fordeling av kommunale kulturmidlar som VMR er ansvarleg for, gjekk som normalt. 10 av våre medlemslag fekk tildelt tilskot etter vår innstilling. Når det gjeld det faste tilskotet som vi får overført for tildeling til musikklaga som deltek på 1., 8. og 17. mai, så har det i år vore gjort ein glipp frå kommunen si side. Vi har enno ikkje fått dette tilskotet overført. Derfor har vi ikkje kunna overført stønad til einskilde laga. Leiaren har i dag teke kontakt med kultursjefen i kommunen og ho har lova å overføra tilskotet straks.

Ombygging av gamle kinoen har stått på vår agenda fleire gonger og vi har prøvd å fylgja opp oppmodinga me fekk på årsmøtet i fjor. Fleire gonger har vi hatt kontakt med administrasjonen i kommunen om saka og dei har lova å kalla inn til møte fleire gonger. Dette har enno ikkje skjedd. Vi har fått fleire innspel frå nokre av medlemslaga våre bl.a. Vossajazz og Voss Jazzklubb. Dette er tankar om korleis ein kan restaurere salen og korleis ein kan eventuelt stå for drifta vidare. Dette er tankar som vi vil leggje fram når ein gong kommunen bestemmer seg til å setja ned eit utval til ombygginga.

Det bør og nemnast at Festival Voss arrangerte ein kulturdebatt i OBA i september der alle dei politiske partileiarane var til stades og då spørsmålet om gamle kinoen kom opp, var dei alle svært positive. Ein bør vel og nemna at det var kommuneval nokre dagar seinare.

Ei anna sak som VMR støttar opp om er berginga av Fraktgodsen. Arbeidsgruppa som har teke initiativet til denne aksjonen fortener ros for å ha gripe tak i denne saka før det var for seint. Desse to sakene vil me diskutere på årsmøtet.

## **Friluftscenen**

Friluftscenen har i år hatt rekord i utleige og leigeinntekter samanlikna med tidlegare år. Dette er positivt og kjem vel med når det gjeld vedlikehald av scenen. Det som har vore nokså plagsomt der nede er tagging og tilsølt scenegolv, ofte med glasskår av knuste flasker. I vår fekk me måla veggene med ei spesialmåling som har gjort det vanskelegare for taggarar. Vi har lenge arbeidd med å få laga ei inngjerding på scenen og no har vi endeleg fått laga eit utkast som vi trur vil kunne høva. Når utkastet er ferdig med kostnadsoversikt, så vil vi søkja om økonomisk stønad, truleg i løpet av vinteren.